

# ÅRSMELDING EIKEFJORD IDRETTSLAG 2025

## Hovudstyret i EIL har vore samansett slik:

Leiar:	Brigt Samdal
Nestleiar:	Per-Øyvind Sørbo
Skrivar:	Linn Therese Lofnes Sæterlid
Økonomi:	Lene Engebø
Styremedlem:	Steinar Svardal
Vara:	Kristina Apalseth (fast møtande)



---

## Leiarar i gruppene

Fotballgruppa:	Silje Knapstad
Handballgruppa:	Marco Schaarschmidt
Basketgruppa:	Lea C. Eikefjord
Skigruppa:	Stig Solheim
Friidrettsgruppa:	Kristen Stæger-Breisnes
Eikefjord treningscenter (ETS):	Kenn Are Hallstensen
Allidrett:	Mona Ødegård Standal

---

## Valnemnd

Leiar:	Liv Torsvik Myrvollen
Nestleiar:	Liv Margrethe Standal
Medlem:	Einy Akselsen

## Styrearbeid

Styret har bestått av 5 personar der dei to som var på val har teke på seg ein ny 2-års periode. Leiar vart gjenvald. I tillegg kom Kristina Apalseth inn som fast møtande vara. Det har vore jobba godt og målretta med saker som har lagt til hovudlaget og saker som har vore meldt inn til styret. Totalt 129 saker i 2025. Vi har hatt både teams- og fysiske møter. Det har gjennom året vorte heldt fleire fellesmøte med gruppeleiarane.

## EIL betaler hall-tid og bruk av anlegg

EIL har inngått ei avtale med Kinn kommune der vi har overtatt ansvaret for drifta av hallen og anlegga. Kinn kommune fakturerer EIL for å kunne disponere areala. Dei ulike gruppene sine aktivitetar slepp dermed å betale for hall-tid og bruk av anlegga. Booking og aktivitet styres gjennom Hallstyret v/Inger Johanne Sørbo.

## EIL og Eikefjorddagane 2025

Eikefjord idrettslag deltok i dugnadsarbeidet i gjennomføringa av årets Eikefjorddagar. I tillegg fekk Eikefjord grendalag låne fleirbrukshallen gratis. Dette var EIL sin medfinansiering av ED2025.

## Ny løypemaskin på Humlestøylen

EIL har løyvd kr. 200.000,- til ny løypemaskin på Humlestøylen. Det gamle utstyrt er over 30 år gammalt og det er tid for utskifting. Skigruppa har bestilt ny løypemaskin, som vert levert i desse dagar.

## Trimpoeng 2025

EIL arrangerte «Trimpoeng 2025». Primus moter er Liv Torsvik Myrvollen.

Eikefjord Trimpoeng 2025		
77	91	5 273
Deltakere	Turmål	Innsjekk

## Trygg på trening

Mona Ødegård Standal er EIL sin representant og pådrivar for arbeidet, i lag med Cathrin Barstad (handball) og Kari Mydland (fotball). Det skal vere låg terskel og det skal vere trygt å varsle om kritikkverdige forhold i EIL. Mona Ødegård Standal er også ny kontaktperson for arbeidet med Politiattest i EIL.

## Nytt tilbod – Eike turlag


Under gruppa Allidrett har vi fått Eike turlag, eit nytt tilbod i EIL. Her blir det ulike lågterskel tilbod gjennom heile året. Aktiviteten i 2025 viser at dette er det sær mange som set pris på! Initiativtakarane er Katrine Underlid og Kari Mydland. Veldig stas!

## Bidrag frå EIL til VM i vektløfting

Eikefjord treningscenter (ETS) v/Kenn Hallstensen organiserte eit stor gruppe med dugnadsfolk som tok del i førebuingane til VM i vektløfting i Førde. Dei gjorde ein fantastisk innsats og fekk mykje skryt. På ei fellesmarkering i samband med arrangementet vart EIL takk for stort bidrag og fekk overlevert ein sjekk på kr. 10.000,-!

## Spond

EIL har vedteke å bruke Spond som informasjonsplattform. Det betyr at alle undergrupper underlagt hovudlaget skal bruke Spond som informasjonskanal. Plattformen er reklamefri, ein loggar inn med eigen brukar og har støtte for 2- trinnsverifisering. Plattformen/appen kan nyttast via nettlesar eller via app på smarttelefon.



## Avtale med Sport1 Førde

EIL hovudstyret har signert 5 års avtale med Sport 1 Førde / Umbro som utstyrsleverandør 2024-2028. Medlemmer av EIL får rabatt.

## Sponsoravtaler

Eikefjord idrettslag er særst glade for avtalene med dei 7 hovudsponsorane. Det gjer oss stolte og glade – tusen takk til Ramsdal maskin, Sparebank 1 Sogn og Fjordane, Steinvik Fiskefarm, Brødrene Aa, Fjordpipe, Walcon og Eninvest. EIL oppmodar alle medlemmene om å bruke tenestene til desse sponsorane.



## Fleirbrukshallen/idrettsanlegget i Kvalvikdalen/Humlestøylen skianlegg/turstiar og hytter

Vi er stolte over Eikefjord fleirbrukshall, anlegget i Kvalvikdalen og skianlegget på Humlestøylen, samt turstiar og kvilehytta i regi EIL. Men vi ser også at dette krev kontinuerleg vedlikehald og utvikling. Vi har i 2025 også brukt mykje ressursar for å utvikle disse anlegga og det er framleis behov for investeringar. Vi har pr dato ikkje ei anleggsgruppe i idrettslaget og vi ser at det må komme. Vedlikehald, utvikling, oppdateringar og nye anlegg vil ta mykje av økonomien framover.

## Nye infoskjermar i bygda

EIL har i 2025 jobba med å få på plass informasjonsskjermar i bygda. Vi har bestilt 3 skjermar inkl. naudsynt software (Eikefjord fleirbrukshall, SPAR butikken og Allhuset). Her vil vi legge ut informasjon om dei ulike tilboda og aktivitet som skjer i bygda. Ein kan også kjøpe seg inn med reklameplass. Skjermene vert montert i desse dagar.




## Behov frå EIL er med i ny vedteken plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunen

Kinn kommune har laga ein ny plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen vart vedteken i hausten 2025. EIL tok aktivt tak i prosessen og melde inn våre behov. Følgjande innspel frå EIL er komen med:

- Nærmiljøanlegg/ordinære anlegg: Nyskapande aktivitetsanlegg (Eikefjord arena)
- Sti-nett i Eikefjord

EIL har spelt inn at ein ynskjer å utvide og oppgradere 7 ulike turstiløyper i bygda. Dei ulike løypene ser ein innteikna på dei to kartutsnitta under.



Billettekst: 1 - Knapstadbakkane – Sørmarka, 2 - Sørmarka – Knapstad, 3 - Knapstad – Brekkene, 4 - Brekkene – Osa, 5 - Sunnarvik – Sørmarka, 6 - Rasteplassen – Eikefjordstøylen, 7 - Eikefjordstøylen – Hovlandstøylen

## Ny kiosk ved kunstgrasbana

Fotballgruppa har i 2024 og 2025 arbeidd med å få kunne realisere ein ny kiosk ved kunstgrasbana. Dagens kiosk er utgått på dato og må skiftast ut. Vi gjenbrakte kiosken som tidlegare stod ved grasbana. Denne var pussa opp og oppgradert til dagens standard. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har støtta prosjektet med kr. 200.000,-. Fotballgruppa la ned ein fantastisk eigeninnsats i prosjektet!



## Nyskapande aktivitetsanlegg - Arena Eikefjord

Hovudstyret har arbeida vidare med utviklinga av eit nyskapande aktivitetsanlegg i Kvalvikdalen (Arena Eikefjord). Dette vil vere eit stort løft for bygda og det er viktig å sjå på kva aktivitet ein skal legge til rette for og korleis dette kan finansierast. Vi har hatt dialog med Kinn kommune om prosjektet for å sjå korleis dette kan utviklast og samordnast med ev. bustadbygging i nærområdet. EIL har søkt om opptak i eit program hos Vestland Fylkeskommune, og er 1 av 8 prosjekt som er med vidare i prosessen. Våren 2026 skal ein utarbeid ein større prosjektsøknad då fylkeskommunen skal velje ut 4 av prosjekta som går vidare og får tildelt arkitekt- og prosesskompetanse.

## Samhandling med skulen

EIL har starta i 2024 eit samarbeid med Eikefjord Barne- og Ungdomsskule, der vi i lag ser på korleis elevar kan delta i praktiske oppgåver og vedlikehald som ein del av undervisninga. Samarbeidet er vidareført i 2025. Vi er særst glad for dette samarbeidet! Lene Engebø i hovudstyret er EIL sin kontaktperson.

## Søknadar i 2025

EIL har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og fått innvilga kr. 100.000,- til å etablere og vedlikehalde turstiar i vårt nærområde. Folkehelse og fysisk aktivitet er viktig for trivsel og bulyst. I tillegg har vi fått innvilga kr. 200.000,- til ny kiosk på kunstgrasbana. Tidlegare kiosk kunne ikkje nyttast lengre grunna råte og elde.



## Årsfest med basar

For andre gong vart det arrangert felles Årsfest for heile EIL. Denne vart gjennomført 9. november 2025, der alle gruppene deltok. Det blei levert ut medalje til alle barna som deltek i ulike aktivitetar i EIL. I tillegg vart delt ut spesialprisar/fair-play/trenarar osb. for ekstraordinær innsats. Det blei gjennomført basar, loddboksal og gratis pølser, saft, kaker og kaffi til alle fram møtte. Årsfesten har hausta mange lovord!

## Jubileumshefte 2027 – EIL

EIL blir formelt 60 år i 2027. Styret har sett i gong eit arbeid med å få skreve ned historia til EIL. Vi har engasjert Odd Asle Endestad til å lage til eit jubileumsskrift for idrettslaget. Allereie no kan vi røpe at der er mange spennande funn i historia vår!

## Økonomi i EIL

Økonomien i EIL er god. Vi har i 2025 eit ordinært årsresultat på kr. 745.176,-. Dette er eit særst godt resultat som legg grunnlaget for vidare utvikling og drift av EIL. Vi har i 2025 også jobba med å redusere tal kontoar i laget. Arbeidet fortset inn i 2026. Vi har i 2025 auka renteinntektene frå under kr. 10.000 i 2024 til over kr. 90.000,- i 2025.

## Nytt liv i friidrettsgruppa

På førre årsmøte diskuterte vi korleis vi kunne få nytt liv i friidrettsgruppa, med ein frist våren 2025 for å revitalisere arbeidet i gruppa. Det er særst gledeleg å melde tilbake at fleire personar meldte si interesse for å ta tak. Dei har allereie dratt i gang aktivitetar i 2025 og har fleire planar for 2026. Kristen Stæger-Breisnes er leiar for firidrettsgruppa.



## Nytt motivasjonsseminar

Styret har lagt planar for eit nytt motivasjonsseminar. I lag med Sparebanken 1 Sogn og Fjordane hentar vi Roger Finjord frå Finnmark Fotballkrets til Eikefjord, 9. mars 2026 kl. 19.00 på Allhuset. Finjord er ein av Noregs mest ettertrakta føredragshaldarar. Gratisarrangement.

## Lagidrett vs. eigentrening

Samfunnsutviklinga innanfor idrett og fysisk aktivitet er at dei ulike lagidrettane slit meir enn før. Fleire og fleire vel eigen aktivitet og personleg trening. I EIL merkar vi også denne endringa. Vi har over fleire år hatt samarbeid med andre klubbar for å kunne stille lag innanfor enkelte aldersgrupper. Dette gjeld både innanfor fotball, handball og basket. Vi ser derimot framleis ein vekst for ETS, som også er ein viktig økonomisk bidragsytar for EIL.

## Dagleg leiar i EIL

Styret har i 2025 arbeida med moglegheita for å kunne tilsette ein dagleg leiar for EIL i 50% stilling. EIL har stor aktivitet og der er mange utviklingsoppgåver som vi ikkje klarar å løfte fram så raskt som vi gjerne skulle. Ein dagleg leiar vil kunne avlaste på driftsoppgåver, hjelpe dei ulike gruppene med ulike utfordringar og skrive fleire søknadar om støtte til dei prosjekta EIL arbeidar med. Det har vore orientert om dette tidlegare på ulike møter. Styret ynskjer å prøve dette ut i 2026. Vi er veldig nøgd med å tilsette Kenn Are Hallstensen som dagleg leiar hausten 2025, med oppstart 5. januar 2026.



## Dugnad og frivilligheita

Utan frivilligheita stopper Noreg og EIL! Det er so mange som burde vore nemnt og takka for arbeidet dei legg ned for barn og unge / vaksne i Eikefjord Idrettslag. Mange timer som trenar, leiar, dugnadskøyring, løypepreparering, vaffelsteiking, vakt etc. Vi takkar alle saman og ber om at vi formidlar og rekrutterer nye små og store i eit felles løft for idretten i bygda. Dugnadsarbeidet betaler seg, der vi i 2025 også har hatt gratis treningsavgift for alle aldersgrupper frå 0-19 år. Ganske unikt!

- Eikefjord Idrettslag -

Hovudstyret

19. februar 2026

TAKK FOR STØTTEN ALLE GODE SPONSORAR!



Eikefjord Idrettslag

